



NORSK MÅLUNGDOM

Tilskrift: Pb 285 Sentrum, 0103 Oslo
Tlf: 23 00 29 40 Telefaks 23 00 29 31
E-post: skriv@nynorsk.no
Nettstad: www.målungdom.no
Føretaksnummer: 959 358 451
Bankkonto: 3450.07.05029

Kulturdepartementet
Pb. 8030 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.
14/409 M3 HHO:elt

Vår ref.
HS|14-120118

Dato
14.07.2014

Høyringsvar om NRK-plakaten

Norsk Målungdom sender med dette inn høyringsvar i samband med høyringa om NRK-plakaten. Svaret som ligg under blei vedtatt av Sentralstyret 06. juli 2014.

Beste helsing
NORSK MÅLUNGDOM

Karl Peder Mork
leiar

Høyringsvar om NRK-plakaten

Vedtatt av Sentralstyret 6. juli 2014.

Bakgrunn

Kulturdepartementet sendte i juni 2014 NRK-plakaten ut på høyring i samband med den planlagde meldinga i NRK for Stortinget i 2015. Norsk Målungdom er ein landsfemnande ungdomsorganisasjon som organiserer ungdom frå heile Noreg i arbeidet til at alle skal ha høve og rett til å skrive nynorsk, og å fremja nynorsk og dialektbruk på alle samfunnsområde. Vi rekrutterer eit breitt spekter av språkinteressert ungdom; frå nynorskelevar som vil kjempe for sine språklege rettar, til bokmålslevar som ønskjer seg betre sidemålsopplæring – og alt i mellom.

Med utgangspunkt i at NRK er ein viktig berar av norsk språk, og at NRK-plakaten ogso stadfester viktige språkpolitiske prinsipp, er det med ei viss undring vi registrerer at Norsk Målungdom ikkje står som høyringsinstans. Både den språkpolitiske rolla vår og den medlemsmassen vi representerer bør høyrast i ei sak som denne, og derfor tillèt vi oss med dette å sende våre synspunkt til høyringa.

NRK som kulturberar

I høyringsbrevet blir NRK skildra som «en garantist for et rikt og norskspråklig tilbud av høy kvalitet på radio, tv, nett og mobil». NRK er den største norske medieaktøren. Denne storleiken kan på mange vis skuldast at NRK er ein statleg institusjon. Som språkorganisasjon har ikkje Norsk Målungdom preferansar på styringa av eit NRK. Vårt omsyn er i første omgang språkbrukarar, og da unge nynorskbrukarar. Desse språkbrukarane må ha rett til å sjå språket sitt i media generelt, ikkje berre der dei er. Vissa om at nynorsken som skriftspråk lever på alle samfunnsområdet er av umåteleg stor verdi for nynorskbrukarane. Ei slik visse blir berre viktigare og viktigare i ein stadig meir globalisert og fleirspråkleg verd. I dag kan vi krysse tidssoner og språkbarrierar raskare og lettare for kvart år som går. Vi møter nye kulturar og tar til oss merke frå desse opp i vår eiga. Språket er ikkje noko unnatak.

Denne globaliseringa er positiv, men kan ikkje møtast utan omsyn til sin eigen kultur. I NRK-plakatens paragraf 14 heiter det: «NRK skal styrke norsk språk, identitet og kultur». Om vi tar opp at formuleringane om NRK som *norsk* og *norskspråkleg* medieaktør blir vi nøydde til å fastsetja somme forventingar til NRK som kringkastar på nettopp norsk. For språkorganisasjonar handlar det om kva rolle språket skal ha.

Vi ta med i rekneskapen at samfunnsutviklinga i dag går raskare enn kva ho gjorde nokre tiår sidan. Det har ogso NRK merka med dei domeneforandringane og endringar i bruken blandt publikum. For å hengje med i utviklinga må ein handle raskt skal ein vera med. Det må ikkje gå ut over omsynet til språk. Det er avgjerande at den statlege allmennkringkastaren tar desse omsyna, både for publikum sin del og for å fremja godt språk. Å berre bruke bokmål er ikkje å komma publikum språkleg i møte. Ogso nynorskbrukarane har rett til å sjå språket sitt.

Heilt sidan jamstillingvedtaket i 1885 har nynorsken og bokmålet hatt dei same rettane som jamstilte skriftspråk i Noreg. Sjølv om dei to språka er jamstilte frå lova si side er det like vel fleire område i samfunnet der språka ikkje står like støtt. Noko av dette kan utan tvil tilskrivast at nynorsk og bokmål ikkje har like mange brukarar. Nynorsken er det minste av dei to. Men det betyr ikkje at brukarar av det nynorske skriftspråket ikkje har like stort behov for å sjå språket sitt i

bruk. Norsk Målungdom registrerer at sjølv om nynorskbruken er god på somme område i samfunnet, er han dessverre meir eller mindre fråverande på andre. Dette gjeld ikkje minst i media. Lokale mediehus står i ei slik samanlikning ofte i sterk kontrast til nasjonale kringkastarar. For mindre medieverksemdar er lokale særmerke i språket noko ein ofte framelskar i normvala, medan nasjonale tilbydarar i større grad står for ei einsretting av språk; faktisk er det nynorske skriftspråket ikkje forbode i fleire av dei største mediehusa i Noreg.

Om vi ser til andre europeiske land kan vi sjå konsekvensane av ei slik einsretting. I Noreg har vi, samanlikna med mange andre land i Europa, stor respekt for språkleg mangfald i tale. Studentar kan halde fram med dialekta si, sjølv om dei flyttar til andre kanten av landet for å studere, folkevalde på Stortinget bruker dialekta si på talarstolen, og nyhendeopplesarar snakkar slik dei alltid har gjort på Dagsrevyen, i beste sendetid. Derfor må NRK oppmode sine tilsette å halde fram med språkbruken, ikkje berre i skrift, men ogso i tale. Slik vil Noreg skilja seg positivt ut frå resten av medie-Europa. I eit land som Tyskland blir ikkje dialektbruk heia fram på same måte. Der snakkar folk i radio og fjernsyn eit standardspråk. Ei slik standardisering av talespråk påverkar på resten av språksamfunnet au. Dialektstoda i Tyskland er mest motsett av kva ho er i Noreg. Det syner medias makt. Einsretting av språk i media fører til einsretting av språk blant vanlege folk. Slik einsretting harmoniserer ikkje med ein kulturberar som NRK.

Retten til språk

Språk er kultur. Språk er identitet. Desse to utsegnene er ein del av det fleirspråklege norske samfunnet. Ein del av dette mangfaldet er det nynorske skriftspråket.

Nynorskbrukarane er i mindretal, målt opp mot bokmålsbrukarane. Staten Noreg har både nynorsk og bokmål som offisielle skriftspråk, og skal soleis syte for statleg bruk og spreining av baa skriftspråka. Like vel er det ikkje på alle område at staten meistarar å nå krava sine. NRK er eitt av dei. NRK-plakatens paragraf 14 d seier at minst 25 % av innhaldet i NRK skal vera på nynorsk. Det må halde fram. Dei siste åra har den gjennomsnittlege prosentdelen av NRK stige, men ligg framleis under minstekravet. Ein av kanalane som har over 25 %-kravet er NRK Super. Barnekanalen er ei viktig satsing på barn i kringkastinga, med både nyhende tilpassa barn, og ei rekke underhaldningstilbod. Gjennom tida har det funnest skoleradio og -fjernsyn, som har fungert som pedagogiske verkemiddel. Fleire av seriane på NRK Super i dag, og ikkje minst satsinga Supernytt, kan kallast medietilbod av same kategori. Med det får NRK eit pedagogisk ansvar. Dette ansvaret gjeld ikkje berre for barn, men ogso for heile befolkninga.

Bruk av nynorsk er ikkje berre støtte til og anerkjenning av nynorsk som nasjonalt skriftspråk. Og den pedagogiske påverknaden NRK har gjeld ikkje berre openberr kunnskap ein til dømes får frå naturvitskaplege program. For å lære seg eit språk må ein vera omgitt av dette. Dette gjeld ogso morsmålet. Alle er vi, og barn meir enn nokon, konstant under språkleg påverknad. Om vi er medvitne om det eller ikkje – det språket vi til dagleg skriv og snakkar inneheld ord og vendingar vi har plukka opp frå andre språkbrukarar rundt oss. Å syne eit godt språk gjennom media blir dermed ein heilt naudsynt konsekvens av NRK som tilbydar av tekst. Bruken av NRK som ålmennkringkastar er dermed eit viktig supplement til undervisninga i skolen. For sidemålsundervisninga, og elevar frå so bokmålsdominerte område at dei aldri ser nynorsk rundt seg, kan dette bety skilnaden på vellukka og tapt skolegang. På same måte kan det i somme samanhengar vera på sin plass å laga innslag med normalisert *tale*. Korkje nynorsk eller bokmål aleine kan fullt ut gi ei skriftfesting av ei dialekt. Å bruke normalisert tale i til dømes barneprogram kan gi ein positiv læringseffekt og vera eit pedagogisk tilskot til skrive- og leselæringa. Den same pedagogiske verdien ligg i å ikkje dubbe svenske og danske seriar, men la dei vera på originalspråket med norsk tekst.

Eit medium i endring

Gjennom dei siste åra har bruken av NRK endra seg. Frå å vera radio og fjernsyn, har ogso tenester som nrk.no og yr.no blitt viktige nettstader. Det er eit uttrykk for den ålmenne digitaliseringa av samfunnet. Ei slik endring gir NRK nye utfordringar for tilgjenge, men ein må like vel ikkje gløyme føringane som ligg til grunn for aktiviteten i NRK. Eit minstekrav til nynorsk må ogso gjelde nrk.no og andre tenester på internett NRK rår over. Unge bruker i dag internett meir enn dei bruker «tradisjonelle» medium. I den nye mediekvardagen er det viktig at ikkje berre eitt av skriftspråka er synleg. Derfor er nynorskbruk ogso på nett avgjerande for stadfestinga av nynorsk som nasjonalt skriftspråk.

NRK er i dag den einaste av dei store radio- og fjernsynskringkastarane som gir eit tilbod på nynorsk. Andre medium meiner det ikkje er ein del av deira samfunnsansvar å synleggjere mangfald i skrift, somme vedtar til og med at nynorsk ikkje skal vera i bruk. Som den største kringkastaren i landet, offentleg eller privat, har NRK eit særleg ansvar for å synleggjera saker på det mindre brukte skriftspråket.

Våre innspel

Norsk Målungdom ser på mediehuset NRK ikkje berre som ein kringkastar, men like mykje som ein kulturberar, ein kringkastar av kultur- og samfunnsuttrykk i Noreg. I hovudsak meiner vi at dei språkreglane som ligg til grunn for NRK i NRK-plakaten ikkje skal svekkjast, men som ei oppsummering lèt dei seg fatte i nokre enkle punkt. Norsk Målungdom meiner derfor at:

- *NRK som nasjonal kringkastar har eit ansvar for å synleggjera dei forskjellige kultur- og språkuttrykka i Noreg. Derfor ligg det i det demokratiske arbeidet til NRK å publisere artiklar og laga produksjonar på nynorsk.*
- *Dagens minstemål på 25 % nynorsk må halde fram.*
- *Denne regelen for språkbruk må gjelde på alle domene NRK rår over.*
- *Det ligg ein pedagogisk verdi i å ogso ha nokre produksjonar på normalisert tale. Av same grunn bør sendingar på grannespråka dansk og svensk ikkje dubbast, men tekstast.*
- *Brukarar av dei samiske språka har rett til produksjonar på samisk.*